



Dei frammøtte kosar seg alltid på juletefestane i Vonheim.

**For nokre tiår sidan var det tett mellom dei tradisjonelle julefestane her i bygda. Seinare har ein etter ein falle frå, men fjerdedagsfesten i Vonheim på Haugland held stand! Denne festen i forsamlingshuset for Haugland og Musland er utvilsomt den mest tradisjonsrike julefesten som vert arrangert i bygda, og framleis er den så populær at den samlar fullt hus. På festen i år får vi høyra glimt frå denne festen si lange historie.**



Julenissen likar så godt den spesielle kontakten med barna på denne festen.

Festen er kvart år bygd etter same ramma. På programmet er det alltid julemusikk, opplesing, leikar og andre programinnslag som første del av festen. Etter det er det matøkt der alle kosar seg med medbrakte godsaker og kaffi. Barna pleier å få utdelt brus. Dette føregår i matsalen i kjellaretasjen, og under denne økta vert det ofte besøk av nissen. Ryktet seier at julenissen likar seg så godt på denne festen at han vil ta turen også i år. - Eg får så utruleg fin kontakt med borna på denne festen, har julenissen uttalt om dette. Etter matøkta vert festen avslutta med gang rundt juletreet. Det er verkeleg julestemning når dei gode og velkjende julesongane og juleleikane tonar frå den glade gjengen som omkransar juletreet.

Vonheims-festen vart for første gong arrangert midt på 1930-talet, altså kort tid etter at forsamlingshuset var klart til bruk i 1934. Trygve A. Haugland(90 år) er nok den som har vore på flest julefestar i Vonheim. På festen i år vil han i eit samtaleinnslag gje festlyden glimt frå korleis han har opplevd denne tradisjonsrike festen gjennom meir enn 80 år, frå han var liten gut. Dette blir nok svært interessant!

Tor Ove Haugland, i styret for Vonheim, lovar elles ein skikkeleg juletreffest etter den faste leisten også i år. Fjerde juledag(28.12.) kl.16.30 opnar festen med ei lita konsertavdeling med Uskedal musikklag slik det har vore på alle dei 31 siste føregåande festane. Sjølvsaugt er det julemusikk på programmet, og dei vil m.a. spele Holly Jolly Christmas og Sonjas song frå Reisen til julestjernen. Dei avsluttar som alltid med ein kjend julesong der festlyden syng med. Elles lovar Tor Ove både opplesing og selskapsleikar som får stemningen til å gå i taket.

Programmet er på altså plass, og det vert heilt sikkert ei kjekk julestund i Vonheim frå klokka halv fem og eit par timar utover fjerde juledag. Til denne festen pleier folk i krinsen mest gå mann av huse, og i tillegg kjem ein del andre med ei eller anna form for tilknytning. Ei flott juleoppleving er det!!



[Selskapsleikane er alltid populære både blant barn og voksne.](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døsland

Arkivfoto frå festane 2015, 2016 og 2017: Thor Inge Døsland